

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Aina Isdal Haugland		14/520

Saknr	Utval	Type	Dato
005/14	Kraftfondsstyret	PS	22.04.2014
054/2014	Formannskapet	PS	10.06.2014

### Utbygging av tømmerkai på Eidsnes

#### Søknad om stønad

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Retningslinjene for Kraftfondet slår fast at ein ikkje skal gje stønad til prosjekt som får store statlege overføringer, og kan difor ikkje løyve midlar til tømmerkai på Eidsnes. Kraftfondet bør vurdere om Masfjorden kommune bør prioritere prosjektet frå andre budsjettpostar, då det kan ha innverknad på arbeidsplassar i nær avstand til kommunen.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Nordhordland Skogeigarlag (NSL) er eigar av gnr 244 bnr 267 og 36 Eidsnes i Lindås kommune.

Eigedommen har eit areal på 60 dekar og har ein djupvasskai med kaifront på 60 meter.

Nordhordland Skogeigarlag ønskjer å utvida tømmerkaien på Eidsnes i Lindås kommune.

Byggekostanden er stipulert til 19,018mnok, der Statens Landbruksforvaltning tek på seg ein stor del av kostnadene. Prosjektet må vere fullfinansiert, difor trengs det kommunal medfinansiering frå kommunane i Nordhordland.

##### Finansieringsplan (=sum kostnad):

Statstilskot (SLF)	15.214.000 kr
Hordaland Fylkeskommune	2.500.000 kr
Lindås kommune	600.000 kr
Kommunar i Nordhordland	og 704.000 kr
Nordhordland Skogeigarlag	
<b>Sum</b>	<b>19.018 000</b>

God infrastruktur og logistikk er vesentleg for konkurransekræfta i den framtidsretta skogindustrien. Eidsnes har peika seg ut som den mest sentrale staden for utskiping og eventuell bearbeiding av tømmer i Nordhordland, og eit infrastrukturtiltak som dette vil gjere nytte for seg i lang framtid. Eit slikt prosjekt vil difor kunne bidra til en meir konkurransedyktig og effektiv skogindustri i heile regionen.

Prosjektet legg opp til å utvida eksisterande kai med 75 meter, der denne skal byggast på stålpiralar med eit tverrspent dekke med limtrelameller og vert soleis den første industrikaien i Norge som skal byggast i tre. Prosjektet skal auka dybden ved kaifronten og oppgradera baklageret for tømmer. Total eksportkapasitet på den nye kaien vil vera mellom 80.000-85.000m<sup>3</sup> pr år.

Prosjektet kan gjere det lettare for nye aktørar å etablera seg i skognæringa, noko som kan resultera i nye arbeidsplassar i Nordhordland. Kaien vil òg danna grunnlag for at andre næringar kan nyttar ledig utskipingskapasitet, sjølv om det primært skal vere ein tømmerkai. Miljøeffektane vil vere monalege, i form av både redusert vegtransport og reduserte klimagassutslepp.

Planane om eit nytt stort næringsområde i nærleiken, Nordhordland næringspark gjer at prosjektet er attraktivt. Dette kan opne for ein framtidig sambruk/fleksibilitet, som vil styrke både området og næringslivet i heile Nordhordland. NSL ønskjer å få kommunale bidrag til å dekka mest mogleg av eigenfinansiering i samband med kaiutbygginga (704.000 kr). Det er òg andre tyngre utgifter og investeringar som må gjerast i regi av Skogeigarlaget som ligg utanom sjølve kaiutbygginga.

### Vurdering

Prosjektet kan kome til nytte for skogdrift i Masfjorden. Utbygginga ligg slik til geografisk at det kan skape arbeidsplassar i nær avstand til kommunen og såleis vere med på å tryggje busetnaden i Masfjorden, slik at det er eit tiltakt kommunen bør stille seg positiv til.

Retningslinjene for Kraftfondet slår fast at næringsverksemder som får store overføringer over statsbudsjettet ikkje skal prioriterast. Ettersom tømmerkaia får størstedelen av finansieringa frå nettopp denne, kan me ikkje bruka Kraftfondet til dette. Kraftfondsstyret bør vurdera om prosjektet likevel er av slik karakter at ein ønskjer å bruke andre kommunale midlar til dette, som til dømes landbruk.

### Uttale

### Høyring

### Fakta

Når det gjeld statlege føringar vil Statens landbruksforvaltning krevje at Skogeigarlaget tinglyser ein bruksrett til «skogeigerane» i kommunane som deltek. Dette vil sikra skogeigerane i all framtid rett til kaia og til prisar som er i samsvar med inngangen frå statlege styresmakter.

Kommune	Søknadsbeløp	Volum i perioden (m <sup>3</sup> , 25 år)
Lindås	600.000 kr	625.000

Meland		150.000
Radøy		225.000
Austrheim		25.000
Masfjorden		75.000
Modalen og Vaksdal		50.000
Osterøy		450.000
Hordaland Fylkeskommune	2.500.000 kr	
Nordhordland Skogeigarlag	704.000 kr	
Statens Landbruksforvaltning (SLF)	15.214.000 kr	
Bergen		375.000
Askøy		125.000
Diverse		40.000
<i>Total finansiering (= sum kostnad)</i>	<i>19.018.000 kr</i>	

### Konklusjon

Retningslinjene for Kraftfondet slår fast at ein ikkje skal gje stønad til prosjekt som får store statlege overføringer, og kan difor ikkje løyve midlar til tømmerkai på Eidsnes. Kraftfondet bør vurdere om Masfjorden kommune bør prioritere prosjektet frå andre budsjettpostar, då det kan ha innverknad på arbeidsplassar i nær avstand til kommunen.

### Kraftfondsstyret - 005/14

#### KRFT - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til endring av vedtak, frå Egil Kvingedal (V).

Retningslinjene for Kraftfondet slår fast at ein ikkje skal gje stønad til prosjekt som får store statlege overføringer, og kan difor ikkje løyve midlar til tømmerkai på Eidsnes.

Ingen opprettheldt rådmannen sitt framlegg:

Retningslinjene for Kraftfondet slår fast at ein ikkje skal gje stønad til prosjekt som får store statlege overføringer, og kan difor ikkje løyve midlar til tømmerkai på Eidsnes. Kraftfondet bør vurdere om Masfjorden kommune bør prioritere prosjektet frå andre budsjettpostar, då det kan ha innverknad på arbeidsplassar i nær avstand til kommunen.

#### Røysting:

Framlegg til vedtak frå Venstre vart samrøystes vedteke.

**KRFT - vedtak:**

Retningslinjene for Kraftfondet slår fast at ein ikkje skal gje stønad til prosjekt som får store statlege overføringer, og kan difor ikkje løyve midlar til tømmerkai på Eidsnes.

**Formannskapet - 054/2014**

**FS - behandling:**

Framlegget som vart utsendt i sakspapira den 4. juni var feil. Dette var framlegget til første handsaming av saka i kraftfondsstyret den 22.04.14. Kraftfondsstyret ba då om at saka vart sendt til handsaming i formannskapet. Det nye framlegget vart sendt ut på epost til formannskapet den 5. juni, dagen etter innkallinga var sendt utsendt.

Nytt framlegg frå rådmannen er:

*Masfjorden kommune løyver inntil kr. 40.000 til prosjektet, Tømmerkai på Eidsnes.*

**Røysting;**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**

Masfjorden kommune løyver inntil kr. 40.000 til prosjektet, Tømmerkai på Eidsnes.